



AUST-AGDER NEI TIL EU

ÅRSMØTEPAPIR TIL FYLKESÅRSMØTE 19.MARS 2018

Til sak 8: Styrets forslag til ARBEIDSPLAN 2018

Fylkesstyret ber årsmøtet vedta følgjande arbeidsplan for fylkeslaget i 2018:

1. Til grunnlag for arbeidet i 2018 legg me den arbeidsplanen for Nei til EU, som vart vedteken av landsmøtet på Ringerike 13 nov. 2016 og den arbeidplanen som vart vedteken på fylkesårsmøtet for Aust-Agder Nei til EU 1. april 2017. Det viktigaste arbeidet for Aust-Agder Nei til EU er å arbeide for at Noreg framleis skal stå fritt og sjølvstendig utanfor Den Europeiske Union.
2. Difor vil me arbeide for å arrangere opne møte/ konferansar for å samle den breie neisida med satsingsområdet - ut av EØS.
3. Me vil bidra til å syne korleis EØS avtalen verkar på det norske samfunnet og undergrev norsk lov og sjølvråderett. Me vil arbeide for at Noreg går ut av det sokalla - Shengen samarbeidet, og ha full kontroll over eigne grenser.
4. Me vil freiste å delta på marknader og messer i fylket, som til dømes messa Naturligvis på Evjemoen og Arendalsuka. Me vil skrive lesarinlegg og freiste å få redaksjonelle oppslag i media. Me vil freiste å vere til stades på arrangement og til tilskipingar som andre organisasjonar arrangerer, for å gjere oss synlege og tale vår sak.
5. Me skal i 2018 ha minst 4 styremøte og ha eit fungerande arbeidsutval. Me vil lage eit årshjul - for å strukturere drifta av laget gjennom året, men vil også ha høve til å kalle inn til møte etter behov.
6. Me vil legge til rette for at styre og medlemmer kan delta på rådsmøte og leiarmøte. Fylkeslaget kan også gjeve stønad til reise og opphald på andre aktuelle møte og konferansar etter søknad til AU.
7. Me vil halde fram med å samle inn underskrifter til eit opprop om folkeavstemming om EØS avtalen.
8. Me vil at verving av medlemmer til organisasjonen skal vere ei viktig oppgåve også i komande arbeidsår og vil delta aktivt i verveksjonar og andre former for verving.
9. Me vil støtte ungdoms- og studiarbeid, og støtte ungdom mot EU. Me vil hjelpe til med å skipe studentlag ved universitetet i Agder -Studenter mot EU-.
10. Me vil arbeide med å ha kommunekontakter i alle kommunane i fylket, og å hjelpe til med å skipe nye lokallag. Me vil også hjelpe dei etablerte lokallaga i deira arbeid.